

## NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 12.

Fylke: Møre og R.

Tilleggsspørsmål nr.

Herad: Dalsfjord

Emne: Gamal engkultur

Bygdelag:

Oppskr. av: Sv. Lyngnes

Gard: Steinsvik o.a.

(adresse):

G.nr.

Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Mest etter eiga, og

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):  
ved samtale med andre Granskings.

## SVAR

1. Eng og utslåttar er ikkje nytta i den meining at eng er alt innagjerds og utslåttar uttagjerds. Slett ikkje all mark innanfor bøgarden var eng. Eng var brukt berre om attlagd åker eller mark som var reinska for stein og stutt, kanskje berre det vi vil kalla overflatedyrka. Eng er elles eit lite gamalt ord i målføret her. Innmarka skilde ein gjerne - og gjer så enno - i "langorvsmark", "langorvs-slått" som var dei beste bøtene - det heile der ein ~~kix~~ i slåtten bruka langljå. Det andre var småmark, som var urudt, ofte med mykje stein og lauvskog. Seinare er også atteleger (r) kome til om den beste langorvsmarka - atteleger :attlagd åker. - Ordet skrapmark var - og er - og nytta. Det er det aller ringaste av småmarka. Etter kvaliteten nedanfrå har ein no: Skrapmark, småmark, langorvsmark og atteleger. Eng er i det heile lite nytta.

Ekre er og eit lite nytta ord, men vi har det i namn som t.d. Ekrebakken. Ikkje i bruk til dagleg. Graset frå småmarka kallast småhøy. - Utslåttar er heller ikkje brukt, derimot markeslått, og markeshøy der frå. Det er alt som vart slege



2.  
i utmarka. - I utmarka vart det aldri bruka anna enn små-  
ljå - stutturv.

2. Småmarka på heimebøen rydde ein alltid om våren. Ein  
bruka då vanleg rive til å raka saman gamalt lauv og kvist.  
Dungen vart ein rydedungje som ofte vart rauka bort på  
røyser, i ur eller brend. Det siste hadde si nemning:  
No brenner dei rydedunga, når ein om våren såg røyken frå  
slike. Oske frå desse vart ikkje teke vare på. Heller  
(tre)  
ikkje gjorde ein noko med stein eller ved under denne  
vårrydjinga. I utmarka rydde ein sjeldan.

Langorvsmarka (enga) rydde dei og. Men der vart det  
mest det som låg att av gjødselen som vart i hopraka.  
Når det var mykje vått ver om våren, for det meste av  
gjødselen ned i jorda, eller smuldra seg så at det vart  
lite å rydje. Men vart det "skjæning" turrt ver og vind,  
låg gjødselen att i store klumpar, som vart i hopraka -  
så turre dei var - og ofte frakta inn att i fjøset til  
underlag i sauegardane der. Somme driv med dette enno,  
men for det aller meste er det slutt med å frakta vekk  
att den gjødselen som er komen på marka. Det har vist seg  
at om harde gjødselklumpar ligg att om våren, så smuldrar  
dei utover sommaren og er til inga ulempe for slåttan.

" Mang ein slik rydedunge smette eg som gutunge bort  
i røyser og urdahl - endå det var strengt forbode.  
Denne turre lorten skulle innatt i fjøsen - ofte i  
sekkevis." (Sv.L.)

Også rydedungar - helst berre med reint lauv- skulle inn i  
sauegardane om våren. Der kunne då ofte verta like fullt  
som førx ein tok m e l e n (vintersauegjødselen) ut.  
Denne blandinga av lauv og gamal gjødsel til underlag, og  
som utetter vinteren vart gjennomtrekt av saueurin, var  
sikkert godt t a d når våren kom att, og ein skulle



\* t a u t ' o g a r å " .

3. Ei god råd dei meinte å ha mot mosemark, var å spreie utover fiskeslo. Frå vintersfiska kom dei ofte heim med tunner fulle av innmat av torsk og sei. Dette stod ei stund og gjæra, og vart så hatt utover. Det brende mosen vekk - og var vel og noko gjødsling. Det hende dei sprette utover høyfrød ( oppsop frå løa - sikkert like mykje ugras som anna) - Det var visst ikkje spørsmål om åkrane å dugde eller ikkje. I langsameleg tid var åkrane på same staden. Ofte fordi det var einaste staden som var brukande til åker. Dette har skift heilt no.

4. Myr var her ikkje nemnande av. Men vasssjuk jord vart alltid grøfta. Og det arbeidet er svært lenge sia dei tok til med. Gamle veiter som ingen veit om, kjem ein rett som det er fram i. Dei er omlag alltid kistesette, d.v.s. stein på begge sider i grøfta og med heller over så der vert ope rom for vatnet. Vatning har ikkje vore bruka.

5. Gjødsling av langorvsmarka, delvis også småmark, har vore i bruk frå gamalt av. Dei hadde visse måt for kor mykje gjødsel åkren skulle ha, resten fekk marka. Gjødsl. i utmarka har det ikkje vore. Saue-møk - s a u d e m e l var rekna for god gjødsel, og av mange bruka på åkren.

Likeeins gjødsel frå d u n g e n. ~~I~~ I kvart tun hadde dei ein d u n g j e, ofte så nær utfor inngangsdøra til stovehuset som mogleg. Det var som ein mura, firkanta brunn - eit par m i firkant, og minst meteren djup. Ut i den kasta dei alt avfall frå kjøkenet, slo dit nattpottene, og mangt anna. Dei fleste passa på å ha mold nok på til kvar tid - det vart ypperleg kompost, og mykje rart kunne



ein finna - og finna att - der når ein om våren  
 " to' ut 'o dongja". Først kring 1920- åra tok det til  
 å bli slutt med desse dungane. Ein som bygde nytt hus i  
 1924 laga dunge straks utfor kjellardøra. Ein gamall mann  
 sa då: Eie meg for ein eignalut du her kjem til å få.  
 Slik var synet på desse. No er dei heilt borte.

Langorvsmarka vart gjødsla så sterkt som dei hadde  
 gjødsel til. Noko måtte dei ha att " å sprette utyve  
 småmarkja og". Beste stykka hadde sitt visse lassetal.

Somme stykke gjødsla dei med berre oske, som dei tok  
 vel vare på frå omnane vinteren gjennom. Namn som Oske-  
 myra vitnar om det. "Eg vil vite om du har breitt lort  
 på Oskemyra i år?!" vart ein gong sagt.

6. Eng som var gjødsla med vintergjødsel kalla dei  
 t a d d e m a r k etter tad : gjødsel. Namn på høyet  
 frå slik veit ein ikkje om.

7 At dei sette husa med tanke på at l o s i g e t  
 skulle gjødsle nedanforliggjande mark, veit ein ikkje om.  
 Siget frå m o k e d u n g a n e, vintergjødsele frå  
 kyrne, som då alltid var utanfor fjøsmuren, strakte seg  
 sakte langt. T o d e kalla dei det, og hadde eit ord om  
 at "toda er det einaste som renn mot bakken". Ein veit ikkje  
 at dei veitte dette anna enn å få det meste bort frå sjølve  
 tunet. Åkrane måtte veljast der jorda var best, antan det  
 var på haug eller i dal.

8. I gamal tid nytta dei berre vårgjødsling. Ein nytta  
 same reidskapen som til åkergjødsling: Greip på spreite  
 med. Køyringa var før hjulgogner kom i bruk dragsledar  
 eller m o k e s l e d a r som enno er i bruk, og vert  
 nytta på snøføre. Ofte kørde dei ut mykje av gjødsele,



helst det det var lengste køyringa på, om vinteren. Denne gjødselen la dei i store dungar som dei runda fint av som store såter og klappa vel til - så skjentes dei ikkje opp. På berr mark og serleg i brattlende brukte dei og mokesledar. No brukar dei vanlege vanlege tohjula bikkvogner på berr mark - dei kallast merkeleg nok hjulsledar.

Smuldringa gjorde dei med rive, vanleg høyrive, og det arbeidet kallast "å rake ti tada". Seinare tok dei ein s loj e i bruk, eit heller stort knippe lange tunne kvister som dei spente hesten føre. Det er delvis i bruk enno, men dei fleste har horver, marketadorver, vanleg mosehorv, til det bruk. Men også vanleg rive er i bruk til "å gnure ned i tadet", serleg kugjødssel når han vert høveleg oppbløytt av regnver, og så turkar litt.

9. Bømarka vart alltid beitt om hausten når dei "slepte på bø". Utover hausten når alt var i hus, korn og poteter, fekk krøtra gå som dei ville. Det var visseleg for at dei kunne få i seg det som stod att, etterslått (ho) som var oppattrunna. Gjødslinga vart ikkje tenkt på. Også om våren slapp smalen kvar han ville. Dei trudde ~~en~~ grasrota vart tettare av det - noko som viser seg ikkje å halde stikk. Vårbeiting gjev langt mindre avling enn der det ikkje er beitt. At dei hadde ei aning om det likevel tyder det på at beste stykka gjødsla dei godt for at dyra skulle halde seg borte. - Vi kan og nemne at dialekten har ordet m a r k e t a d v e r, mildt og med tett regnyr. Då varx det godt å breie m a r k e t a d.

10. Litt haustbeiting er det enno på bømarka, men oftast regulert, d.v.s. dyra går i band på kvar sine teigar. Før for dyra frå heile garden, 5 bruk, over alt. Skiftet har gått for seg siste 20 åra.



6.  
11. Gjødsele dyra la att ute vart det ikkje gjort noko med. Noko reidskap til det er ikkje kjent.

12. Når kyrne var på beitemarka uttagjerds måtte dei antan inn i v å r f j ø s e n eller i heimefjøsene om natta. Dette for å samle gjødsele. Vårfjøsene (sumarfjøsene) var bygd der som var laglegast. Gjødsele vart brukt på næraste teigane. Her i Steinsvik hadde - og har dei vårfjøsar på to stader, helst for di beitemarka er slik skapa at dei må beite ei stund på to beiter som ligg noko langt frå einannan. Gjødsele frå vårfjøsane vart spreidd saman med den andre om våren

13. Innhegning kjenner ein ikkje til anna frå sætrane, men der hadde det ikkje noko med gjødsele å gjere. Det var for udyr, og for at krøtra ikkje skulle fare i beiteskog altfor tidleg om morgonen.

14. På sætrane heitte denne innhegninga k v i e.

Dei er ikkje flyttbare. Vidare har dei her (i Steinsvik) nokre geitefjøsar som kallast k v i e n e - og staden dei står på " fram på k v i å." Grindar i den tyding som her veit ein ikkje om.

15. Fillemann veit ein ikkje om, men dei heldt vakt

16. ved kviene på sætra - og hadde der små V a k a r h u s. Vakta gjekk på omgang. Det må vera 100 år sia det vart slutt.

17.18. ukjent. 19. svara på under 14.

20. Nei. 21. svara på før.